

Læreplan for utdanningsval på ungdomstrinnet

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastset som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019

Gjeld frå 01.08.2020

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Utdanningsval er eit sentralt fag for å bidra til å gjere elevane i stand til å ta gode utdannings- og yrkesval. Faget skal bidra til at elevane utviklar ein trygg identitet og til at dei skal kunne ta val ut frå eigne interesser og føresetnader. Gjennom arbeidet med faget skal elevane skaffe seg kunnskap om moglegheiter og krav i utdanningssystemet og i arbeidslivet. Faget skal bidra til at elevane utviklar kompetanse i å handtere overgangar, bidra til deltaking og skape forståing for samanhengar mellom utdanning og jobbmoglegheiter.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Utdanningsval skal bidra til at elevane tek sjølvstendige val. Faget skal vidare bidra til at dei utforskar karrieremoglegheiter baserte på likeverd og likestilling. I faget skal elevane utvikle identiteten sin gjennom å delta i eit inkluderande og mangfaldig fellesskap som balanserer individuelle ønske og verdiane til fellesskapet.

Kjerneelement

Karrierekompetanse

Å utvikle karrierekompetanse handlar om å forstå og utvikle seg sjølv og eiga læring, og å utvikle ein trygg identitet. Det handlar òg om å utforske utdanningsmoglegheiter og arbeidslivet. Dette inkluderer ferdigheiter i å kunne samle, analysere og ta i bruk informasjon både om utdanning, arbeid og seg sjølv. Ferdigheiter i å handtere overgangsfasar i livet og ferdigheiter i å ta val og forstå konsekvensar av val skal òg vere ein del av faget. Elevane må oppleve karrierelæringa som heilskapleg og relevant.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I utdanningsval handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om at elevane lærer å handtere medgang, motgang, utfordringar og overgangar på best mogleg måte. Gjennom læring og samhandling i faget skal elevane få innsikt i faktorar som kan ha betydning for livsmeistring og karriereval, bli førebudde på deltaking i arbeid og livslang læring, og få moglegheiter til å utvikle eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i utdanningsval inneber å meistre relevant fagterminologi, drøfte eigne moglegheiter når det gjeld utdanning og arbeid, og vurdere og vidareutvikle innspel frå andre og fremje eigne meiningar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i utdanningsval inneber å dokumentere kunnskap og arbeidsprosessar, og reflektere over eiga læring i arbeid med faglege tekstar. Det inneber òg å kunne grunngi og argumentere for eigne utdannings- og yrkesønske.

Å kunne lese

Å kunne lese i utdanningsval inneber å forstå, systematisere og bruke informasjon frå tekstar, bilete, film og andre informasjonskanalar om utdanning, yrke og levevegar. Det inneber òg å vurdere om kjeldene er truverdige.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i utdanningsval inneber å bruke talmateriale om økonomisk verdi av arbeid og statistisk materiale som er relevant for faget.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i utdanningsval inneber å samle, analysere og bruke informasjon om utdanningar og yrke frå digitale kjelder og vurdere kjeldene kritisk. Det består òg i å gjere seg kjend med digital teknologi i yrka ein utforskar.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- beskrive eigne styrker, eigenskapar og interesser og kunne sjå dette i samanheng med utdannings- og yrkesønske og livsmeistring
- samle, analysere og bruke informasjon om utdanning og arbeid

- utforske utdanningsmoglegheiter på varierte måtar, og gjere greie for ulike utdanningsveggar og kva yrkesområde dei kan føre til
- tileigne seg kunnskap om arbeidslivet gjennom utprøving og utforsking og reflektere over korleis berekraftsmål, konjunkturar og teknologi påverkar arbeidsmarknad, yrke og arbeidsmåtar
- diskutere konsekvensar av utanforskap og forstå økonomisk og sosial verdi av arbeid på individ- og samfunnsnivå
- gjere greie for kva og kven som kan påverke karriereval og kva dette har å seie for eigne val
- utforske og drøfte kjønnsrelaterte perspektiv i eit karriereval
- sjå moglegheiter og omsette eigne idear til handling og val, og reflektere saman med andre over konsekvensar av karriereval
- utvikle og bruke meistringsstrategiar for å handtere overgangar og utfordringar relaterte til utdanning og karriere
- tolke stillingsannonsar, skrive CV og jobbsøknad og tileigne seg kunnskap om korleis ein gjer eit godt jobbintervju

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i utdanningsval når dei reflekterer over eiga utvikling og karrierelæring, og viser dømmekraft i drøfting av etiske dilemma. Elevane viser òg kompetanse i utdanningsval ved å gjere greie for moglegheiter i utdanning og arbeid og bruker kunnskapen til å drøfte eigne planar for vidare karriere. Elevane utviklar kompetanse i utdanningsval når dei i aukande grad bruker ulike strategiar og fagomgrep for å uttrykkje fagkompetansen sin, individuelt og i samhandling med andre.

Læraren skal leggje til rette for undervisningsforløp som opnar for læring der kompetansen til eleven kan komme til syne på ulike måtar. Gjennom eit variert sett av læringssituasjonar og gjennom dialog med lærar skal den enkelte eleven bli medviten om eiga meistring. Elevane skal få læringsfremjande tilbakemeldingar som motiverer og rettleier dei til å arbeide vidare med temaa eigen utvikling, utdanningssystem og arbeidsliv.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

10. årstrinn eller det årstrinnet faga blir avslutta: delteke.

Eksamen for elevar

10. trinn eller det årstrinnet faget blir avslutta: Det er ikkje eksamen i faget.

Eksamen for privatistar

10. trinn eller det årstrinnet faget blir avslutta: Det er ikkje privatistordning i faget.